

Anne Berit og Magne Huglen på Dønhaug Gjestegard satsar på ei sterk musikalsk avslutning av året. Fredag 28. desember vil Millpound Moon stå for det musikalske.

Dette er ein duo som består av Rune Hauge og Kjersti Misje. Dei er ein sentral del av det akustiske musikkmiljøet i Bergen, kjend som dyktige live-artistar, og har turnert saman sidan 1999. Dei reiser også utanlands, tidlegare i haust kom dei attende frå sin femte Englandsturne, der dei spelte på nokre av Englands mest profilerte klubbar innan akustisk musikk, bl.a. på 12 Bar Club i London og The Musician i Leicester.

Dei har fleire gonger vitja USA med sin musikk, sist no i midten av desember der dei m.a. spelte på The Bitter End i legendariske Bleecker Street i New York. Sidan september 2001, då dei gav ut sitt fyrste album, "Nation og Two", har dei turnert og gitt konsertar rundt heile landet.

Duoen flytta til Tysnes i 2003, og bur i eit "rødmalt" hus i Lundegrend. Her er det komande albumet skapt, i kjellaren der dei har innreia lydstudio. "Broke in Brooklyn" heiter siste låt, kanskje blir det også tittelen på det nye albumet som er venta utgitt med det aller fyrste.

Kanskje er ikkje duoene så kjend her i Kvinnherad, men Rune Hauge har nok svært mange musikkinteresserte kvinnheringar kjennskap til. Han blir rekna som ein av landets beste roots-artist, gitarist og "singer/songwriter" I 1983 var han med og forma bluegrass-bandet "Rikosjett", og har sidan då markert seg som ein av landets ypperste innan Folk-music og Bluegrass. Frå 1991 til 1999 hadde Rune fast torsdagskveld på "Den Stundesløse" i Bergen der han fritt kombinerte ulike utøvarar frå ulike stilarter i eigne komposisjonar og arrangement.

I 1995 gav Rune ut debutalbumet "The One you need", som fekk glimrande kritikk i aviser over heile landet. I 1999 kom "Taxi", som blei ein sterk oppfylgjar.

Kjersti Misje er utdanna songpedagog frå Rytmsk linje ved Agder Musikk-konservatorium. I 1996 flytta ho til Bergen og har sidan turnert heile landet i ulike konstellasjonar. I 1997 starta samarbeidet med Rune på nokre av torsdagskveldane på "Den Stundesløse", dette resulterte bl.a. i at ho blei sterk delaktig i albumet "Taxi", der ho er med på heile sju kutt. Ho er etter kvart blitt ein svært habil gitarist og kompetent låtskrivar, og er ein vokalist med ei imponerende, sensitiv og varm stemme.

I romjula vil Dønhaugkjedlaren ha open pub-kveld 2. juledag, og fyrste artist ut i 2008 vert ingen ringare enn William Hut fredag 18. januar, opplyser Magne Huglen i si pressemelding.